




Foto: MAREANO

Status og råd

På grunn av uklare bestandsgrenser vert sei vest av Skottland og i Nordsjøen/Skagerrak slått saman når ein skal rekna ut bestandsstorleik, fiskedøying og kvote. ICES konstaterer at gytebiomassen har gått nedover sidan 2005 og har nærma seg føre-var-nivået på 200 000 tonn. Rekrutteringa i seinare år har vore svært låg. Fiskedøyinga har gått ned og ligg no under føre-var-nivået. Ut ifrå eit gjennomsnitt for 1993–1998 vert 90,6 % av fangsten i prognosane fordelt til området Nordsjøen/Skagerrak når kvoten vert delt. Tilrådd kvote i 2013 er i samsvar med forvaltingsplanen og er 91 220 tonn i Nordsjøen/Skagerrak og 9 464 tonn i området vest for Skottland og Rockall. Dette skal gje ein gytebestand på 252 000 tonn i 2014 og ei fiskedøying (0,26) som er litt lågare enn den som sikrar eit høgt langtidsutbytte (0,30). Låg rekruttering og låg individuell vekst viser at produktiviteten har gått ned i bestanden, men veksten viser no teikn til betring.

Fiskeri

Sei vest for Skottland og sei i Nordsjøen/Skagerrak vert haldne åtskilde i forvaltninga. Seien vest av Skottland vert forvalta av EU åleine. Totalkvota av sei i Nordsjøen/Skagerrak vert delt mellom EU (48 %) og Noreg (52 %) og fastsett gjennom årlege forhandlingar. Partane er einige om ein forvaltingsregel som seier at om lag 1/4 av den bestanden som det kan fiskast på (3 år og eldre fisk) kan fiskast så lenge gytebestanden er over føre-var-nivået. I 2011 var totalkvota 103 000 tonn. Totalkvota for 2012 var 87 550 tonn (79 320 tonn i Nordsjøen/Skagerrak). Av dette utgjorde den norske kvota 41 246 tonn. Seien vert for det meste teken med trål (ca. 85 %), mens litt over 5 % vert teken med not langs kysten av Vestlandet. Også i EU vert sei hovudsakleg teken med trål. Frankrike, Tyskland, Skottland og Danmark dominerer EU sitt fiske.



Bestand og fangst av sei i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland.

Stock size and landings of saithe in the North Sea/Skagerrak and west of Scotland.

I NORDSJØEN/SKAGERRAK OG VEST AV SKOTTLAND

Sei – *Pollachius virens*

Familie: Gadidae (torskefamilien)

Andre namn: Mort, seimort, pale, kod, seikod

Maks storleik: 115 cm og 20 kg

Levetid: 20 år

Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak

Gyteområde: Eggakanten frå vest av Shetland til Vikingbanken

Gytetidspunkt: Februar–mars

Føde: Ungfisk et mest krill, mens eldre et mest fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD FOR 2013: 100 684 tonn

(av dette 91 220 i Nordsjøen/Skagerrak)

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE i Nordsjøen/Skagerrak

2013: 91 220 tonn/47 434 tonn

TOTALFANGST/NORSK FANGST Nordsjøen/Skagerrak

2011: 89 704 tonn/46 800 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2011: 350 millioner kroner



Fakta om bestanden:

Nordsjøseien gyt i februar–mars på djup mellom 150 og 200 meter frå vest av Shetland, Tampen og til Vikingbanken. Larvene driv først sørover langs vestkanten av Norskerenna, men blir så førde tvers over kyststraumen. Seiungel finst for det meste på Vestlandet, men av og til dukkar yngelen opp langs Skagerrakkysten, særleg når det er gode årsklassar. Den første tida lever seien i fjæra, men trekk etter kvart ut på djupare vatn. Tidleg vår vandrar svolten ungesi ut frå kysten over Norskerenna til Nordsjøen. Her et seien framleis ein del krill, men augepål, sild og annan fisk vert meir og meir viktig. Første hausten er seien ca. 20 cm, og som treåring er han 35–40 cm. Seien blir kjønnsmoden fire til seks år gamal. Om vinteren er den kjønnsmodne seien konsentrert på gytefeltet vest for Shetland og mellom Shetland, Tampen og Vikingbanken. Umoden sei er konsentrert langs vestkanten av Norskerenna, særleg omkring Statfjordfeltet og ved Egersundbanken og søraustover. Om sommaren finn vi sei over heile Nordsjøplatået nord for ca. 57°N. Ettersom det finst lite eitt og to år gammal sei i Nordsjøen, er bestanden langt mindre utsett for utkast av småfisk enn dei andre botnfiskartane i Nordsjøen. Sei er i hovudsak ein botnfisk, sjølv om han også førekjem i dei frie vassmassane. Stimar av ungesi kan ofte sjåast i dei øvre vasslaga inne ved kysten, mens eldre sei gjerne går djupare. Seien er ein atlantehavsfisk. Vi finn bestandar i Nordsjøen, vest av Skottland, ved Færøyane, Island og langs norskekysten nord for 62°N. Sei kan førekoma så langt sør som til Biscaya. Det er også sei på austkysten av Nord-Amerika. Seien kan vandra mykje på jakt etter mat. Merkeforsøk har vist at det til tider er markant utveksling av fisk mellom dei forskjellige bestandane i det nordaustlege Atlanterhavet.